



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
NVE 200801334-17,200904547-13,201003452-12,201102452-12,201208166-3,	25.02.2013	12664/2013/S11	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	24.05.2013

Søknader om løyve til å byggje seks småkraftverk i Vanylven og Vågsøy kommunar, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane - fråsegn ved høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Kulturminne

Brandefjellet, Nordal, Syvde, Vanylven k.

Det ligg eit kvernhus ved Kvitla, eitt kvernhus og ein ruin etter kvernhus ved Bruelva, samt ruin etter våningshus og fjøs NA av kraftstasjonen. Desse ligg nærme tiltaka, med delvis innsyn. Vi tilrår at det som del av konsesjonsvilkår vert teke kontakt med fylkeskonservator for å sjå om passeringa av dette einheitlege miljøet er skånsom nok, og om naudsynt opne for justere noko slik at kulturmiljøet vert teke omsyn til.

Det vert ikkje kravd arkeologisk registrering knytt til konsesjonssøknad i nedre deler av planområdet, men vi minner om at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere freda kulturminne frå mellomalder eller eldre, pliktar ein å stogge arbeidet og ta kontakt med oss for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd. For dei øvre områda, sjå fellesuttalelse.

Pga. inntak ligg høgt oppe, vil det vere behov for ei mindre arkeologisk registrering jfr kulturminnelova § 9 knytt til dei øvre områda ved inntak, øvre rørgate og øvre del mellombels anleggsveg. Dette fordi det i fjellområda innanfor er framkome moglege fangsttilknytte fornminne som kan ha svært høg alder. Det vil vere ein føremon om dette vart samkøyrte for dei aktuelle kravtverka.

Tenneelva, Norddalen, Vanylven

Det vert ikkje kravd arkeologisk registrering knytt til konsesjonssøknad i nedre deler av planområdet, men vi minner om at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere freda kulturminne frå mellomalder eller eldre, pliktar ein å stogge arbeidet og ta kontakt med oss for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

Pga inntak høgt opp vil det vere behov for ei mindre arkeologisk registrering jfr kulturminnelova § 9, knytt til dei øvre områda ved inntak, øvre rørgate og øvre del mellombels anleggsveg. Dette pga at det i fjellområda Vanylven-Volda er framkome

moglege fangsttilknytte fornminne som kan ha svært høg alder. Det vil vere ein føremon om dette vart samkøyrte for dei aktuelle kravtverka.

Helgåa, Myklebust, Syvde, Vanylven k.

Det vert ikkje kravd arkeologisk registrering knytt til konsesjonssøknad i nedre deler av planområdet, men vi minner om at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere freda kulturminne frå mellomalder eller eldre, pliktar ein å stogge arbeidet og ta kontakt med oss for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

Pga inntak høgt opp vil det vere behov for ei mindre arkeologisk registrering jfr kulturminnelova § 9 knytt til dei øvre områda ved inntak, øvre rørgate og øvre del mellombels anleggsveg. Dette pga at det i fjellområda Vanylven-Volda er framkome moglege fangsttilknytte fornminne som kan ha svært høg alder. Det vil vere ein føremon om dette vart samkøyrte for dei aktuelle kraftverka.

Sørdalselva, Syvde, Vanylven k.

Den flotte brua like nedstraums tiltaket og den gamle vegen mellom kote 260 og 230 er kulturminne som tidlegare ikkje var kjent for oss då våre register knytt til nyare tida kulturminne omfattar berre bygg. Brua må under ingen omstende verte prega av inngrep eller utsett for fare som fylgje av inngrep. Vegen må og søkast omsynstaking til.

Det vert ikkje kravd arkeologisk registrering knytt til konsesjonssøknad, men vi minner om at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere freda kulturminne frå mellomalder eller eldre, pliktar ein å stogge arbeidet og ta kontakt med oss for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

Kasselva, Vanylven k.

Dei fleste kulturminne inngår ikkje i våre kulturminneregister og kjem såleis ikkje fram ved førespurnadar. Konsekvensutgreiinga har imidlertid klart å framvisе at her er kulturminne så som gamal ferdseisveg mellom Duestøylen og Stårheim, løypestrengar og sefrakobjekt (ma direkte berørt kvernhуs på Hellebust der stasjonen er tenkt plassert og at vannveg berører utløe og Kassens gamle kvernhуs). Stasjonen må flyttast lenger unna her. Vassveg må stikkast godt utanom utløe og Kassnes gamle kvernhуs. Ferdseisvegen kan kryssast på enkeltpunkt om naudsynt, men då slik at ein ikkje skaper hinder i forhold til bruk av ferdseisvegen. Det bør gjennomførast ei utgreiing som konkret plottar objekta i forhold til tiltak på kart av god målestokk og med godt biletmateriel – der ein syner korleis ein unngår/reduserer konflikt.

Det vert nemnt moglege dyregraver, men det går ikkje fram av søknad om desse kjem i tiltaksområdet. Dyregraver ligg normalt sett høgare oppe, men er svært sjeldsynte i desse områda. Opplysninga tilseier eit avklaringsbehov. Dyregraver kan vere automatisk freda kulturminne og avklaringskrav er såleis heimla i kulturminnelova § 9 og 10.

Kraftforsyning, verdiskaping og næringsutvikling

Dei 6 konsesjonssøkte småkraftverka i Vanylven og Vågsøy kommunar har samla ein årleg kraftproduksjon på om lag 42,8 GWh (0,043 TWh). I følgje Statistisk sentralbyrå var snittet i staumforbruk i hushaldningar om lag 16 000 kWh per år. Ein produksjon på 42,8 GWh vil då kunne gi straum til ca 2700 husstandar. Dette vil kunne gi eit bidrag til bedre straumforsyning i fylket og det aukar andelen fornybar energi. Samla årleg produksjon av kraft i Møre og Romsdal var i 2011 på 7 TWh medan forbruket var i overkant av 10 TWh. Fylket er såleis avhengig av sikker overføring frå andre regionar.

Småkraftverk har ikkje magasinerings av vatn, og produksjonen vil dermed svinge noko etter vassføring og årstid.

Utbyggingane vil gi auka verdiskaping og gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad i distriktskommunar.inntekt frå kraftsal kan for enkelte grunneigarar bety mykje for vidare næringsverksemd knytt til gardsbruk eller anna verksemd, og kan gi gode ringverknader til lokalsamfunnet.

Vassregionmyndigheit - (VRM)

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit med ansvar for oppfølging av den norske vassforskrifta.

Vasskraftutbygging påverkar tilstanden i vassdraga og i dokumentet *Vesentlege vassforvaltingsspørsmål* er kraftutbygging lista opp som ei av dei største utfordringane for vassmiljøet i regionen. Vassforskrifta krev at alle sektormynde som har ei rolle i vassforvaltinga må samarbeide slik at vassdraga vert forvalta heilskapleg, og målet er at all bruk av vatnet skal vere berekraftig. Dette har mykje å seie for å kunne ha god tilstand i vassdraga. Det er viktig at NVE si saksbehandling av kraftsøknadene er koordinert med tiltaksarbeidet i vassområdet.

I mange vassdrag veit vi lite om miljøtilstanden. Kunnskap om naturtypar og planter og dyr knytt til vassdraga er viktig for å sikre desse verdiane i utbyggingssaker og dessutan avgjerande for å kunne overvake tilstanden i vassdraga, jfr. krav i vassforskrifta.

Vassdrag som skal byggast ut, må ha tilstrekkelege naturfaglege undersøkingar slik at dei kan bli klassifisert etter vassforskrifta sine krav. Berre på den måten kan ein vurdere om ein oppfyller krava i vassforskrifta § 12.

Ein ber vidare om at det blir retta særskilt fokus på dei anadrome elvestrekningane, slik at kraftutbygginga ikkje er til hinder for vandring, reproduksjon og levesett for laks og sjøaure. Ein må her også sjå på sumverknad av eventuell påverknad/reduksjon av laks- og aurebestanden i området.

Møre og Romsdal fylkeskommune som vassregionmynde har følgjande samla innspel til utbygging av seks småkraftverk i Vanylven og Vågsøy kommune:

- Vassdrag som skal byggast ut, må ha tilstrekkelege naturfaglege undersøkingar slik at dei kan bli klassifisert etter vassforskrifta sine krav. Berre på den måten kan ein vurdere om ein oppfyller krava i vassforskrifta § 12.
- Saksbehandlinga av søknadene må samordnast med tiltaksanalysearbeidet i Søre Sunnmøre vassområde.
- Ein ber om at det blir retta særskilt fokus på dei anadrome elvestrekningane, slik at kraftutbygginga ikkje er til hinder for vandring, reproduksjon og levesett for laks og sjøaure. Ein må her også sjå på sumverknad av eventuell påverknad/reduksjon av laks- og aurebestanden i området.)

Planfagleg merknad

Vanylven har i lengre tid arbeidd med framlegg til ny kommuneplan. Kommuneplanarbeidet har i stor grad fokusert på reiseliv, og det ligg inne framlegg til store areal avsett til fritidsbustader både på fjell og langs sjøen. Det er viktig at utbygging av småkraftverk vert drøfta i høve denne reiselivssatsinga, slik at ein ivaretek dei sentrale

landskapskvalitetane i kommunen. Estetisk utforming av anlegga vil vere sentralt, og særskild det å unngå store synlege sår i landskapet. Når det gjeld sjølve bygnadane som skal oppførast bør det også leggjast stor vekt på utforming og plassering av desse i høve landskap og eventuell tilgrensande busetnad.

Konklusjon

Vi viser til merknadane ovanfor, og vonar at det vert lagt særskilt vekt på å drøfte utbygginga i høve reiselivssatsinga til kommunen. Kunnskapsgrunnlaget må tilfredsstille vassforskrifta sine krav i § 12 og ein må ha særskilt fokus på andadrome elvestrekningar. Det er krav om arkeologisk registrering enkelte stader, og vi ber dykk vere særskilt merksam problemstillingar knytt til kulturminne av ulik art. Ta gjerne kontakt med fylkeskommunen undervegs for meir informasjon.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Fagsaksbehandlar kulturminne: Arkeolog Øyunn kleiva, tlf 71 25 88 67

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her
Vanylven kommune